



VERDSARV  
Vestnorsk fjordlandskap

# Retningslinjer for tilskot til tiltak i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Geirangerfjorden 2018

**for å ivareta og fremje eit aktivt, ope og opplevingsrikt kulturlandskap:**

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966* og *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen*.

## 1. Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i verdsarvområda er å styrke landbruket i verdsarvområda, jf. § 1 i *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap*. Ordninga skal og medverke til å oppretthalde eit aktivt og levande kulturlandskap, ta vare på kultur- og kulturlandskapsverdiar og hindre attgroing, jf. *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen*.

## 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld innanfor grensene for verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Geirangerfjorden, i Stranda kommune og Norddal kommune.

## 3. Kven kan søkje?

Målgruppa for ordninga er personar eller verksemder som bidreg til å fremje føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Grunneigarar og drivarar
- Landbruksføretak
- Organisasjonar, foreiningar eller lag
- Andre som bidreg til å fremje føremålet med ordninga

Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og eventuelt andre rettshavarar.

## 4. Kva kan du søkje om tilskot til?

Du kan søkje om tilskot til tiltak som fremjar føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet.
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel og formidling
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området.

#### 4.1. Arealtilskot og beitedyrtilskot

Fylkesmannen kan gje tilskot til drift og skjøtsel av areal i tråd med kapittel 6.1.1. i Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområdet. Drifta må vere slik at arealtilstanden vert oppretthalden over tid.

For å få tilskot til skjøtsel av areal, må arealet haustast minst ein gong i året ved slått eller beiting. Kantar må vere slått/skjøtta til rett tid saman med resten av areala.

Hovudregelen er at all avling skal fjernast frå arealet og nyttast som fôr. Dersom dette ikkje kan oppfyllest, kan avlinga samlast opp og leggjast til kompostering. Dette må gjerast på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining eller vert til sjenanse for miljøet på annan måte ved t.d. lukt eller avrenning.

I dei fleste høve vil det ikkje vere nok å slå berre ein gong. Det vil heller ikkje gje tilfredsstillande resultat med berre vår og haustbeiting utan at hovudavlinga vert hausta i juni/juli/august. Areal med eigen skjøtelsplan, som t.d. artsrike slåtteenger, kan ha særskilte reglar om skjøtsel som må følgjast for at arealtilskotet skal kunne utbetalast.

Ved styrt beiting på dyrka jord må beitetrykket vere så stort at graset blir beita ned. Slike areal må som regel pussast, slik at ein unngår oppslag av tuegras, høge urter og kratt. Det høyrer elles med til det årlege vedlikehaldet å rydde i kantskogen slik at den ikkje tek overhand og trengjer seg inn over dyrka mark.

Sviing av gammalt gras om hausten kan ikkje godkjennast som tilstrekkeleg skjøtsel.

Ved utrekning av tilskot til skjøtsel, vil omsøkt areal bli sett opp mot arealtal i søknad om produksjonstilskot og arealtal i frå innsynsløysingar på internett, t.d. gardskart.no, naturbase.no og gislink.no. Tilskotet vil bli gradert etter markslag (dyrka jord eller innmarksbeite), skjøtelsmetode (slått, beting, eller kun beitepussing) og areala si hellingsgrad (som bereknast ut frå kartverkets terrengmodell).

Kategoriar arealtilskot	Kr/daa*
Slått av svært tungdriven dyrka jord, brattare enn 1:3	2000
Slått av tungdriven dyrka jord, mellom 1:3 og 1:5	800
Slått av lett driven dyrka jord, flatare enn 1:5	400
Beiting av svært tungdriven dyrka jord, brattare enn 1:3	1200
Beiting av tungdriven dyrka jord ; brattare enn 1:5	480
Beiting av lett driven dyrka jord, flatare enn 1:5	240
Innmarksbeite	240
<u>Kun</u> beitepussing av dyrka jord eller innmarksbeite	200

**NB: Dyrka jord er fellesnemning på fulldyrka og overflatedyrka jord.**

**\* Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom omsøkt areal blir vesentleg større eller mindre enn forutsett.**

Fylkesmannen kan gje tilskot til beitedyr på utmarksbeite i tråd med kapittel 6.1.2 i Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområdet. Beitinga skal bidra til at kulturlandskapet og arealtilstanden vert oppretthalden på lang sikt.

Ved utrekning av tilskot vert det nytta same gruppering av dyr og same dyretal som i søknad om produksjonstilskot. Det er ulike satsar for dei som har driftssenter innanfor og dei som har driftssenter utanfor verdsarvområdet.

Kategoriar beitetilskot	Kr/dyr for driftssenter innanfor*	Kr/dyr for driftssenter utanfor*
Sau/geit	300	100
Storfe/hest	1800	600

**\* Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom talet på beitedyr blir vesentleg større eller mindre enn forutsett**

## 4.2 Andre kulturlandskapstiltak

Fylkesmannen vurderer og fastset tilskotsandel i kvar enkelt sak. Det gjevast normalt tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket. For større fellestiltak kan Fylkesmannen vurdere å gje inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotsandel blir angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

Rettleiande satsar for eige arbeid er:

- Manuelt arbeid 200,-/time
- Person med motorsag e.l. 300,-/time
- Traktor med fører 500,-/time

## 5. Korleis søker du?

Det er to ulike søknadsskjema:

- Eitt for arealtilskot og beitedyrtilskot
- Eitt for andre kulturlandskapstiltak

Begge desse søknadsskjema finn du på nettsidene til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Stranda kommune og Norddal kommune.

**Søknadsfrist er 20. oktober 2018.**

## 6. Kva må søknaden innehalde?

### 6.1. Arealtilskot og beitedyrtilskot

Søknad om arealtilskot og/eller beitetilskot skal innehalde:

- Grunnopplysningar om søker
- Opplysningar om areal som er slått/beita inneverande sesong og/eller tal på beitedyr på utmarksbeite inneverande sesong
- Obligatoriske vedlegg

Sjå «Søknadsskjema arealtilskot og beitetilskot Geirangerfjorden » og «Rettleiing til søknadsskjema for Geirangerfjorden»

### 6.2 Andre kulturlandskapstiltak

Søknaden om andre kulturlandskapstiltak skal innehalde:

- Grunnopplysningar om søker
- Beskriving av tiltaket/prosjektet
- Gjennomføringsplan
- Kostnadsoverslag og finansiering
- Obligatoriske vedlegg

Sjå «Søknadsskjema andre kulturlandskapstiltak Geirangerfjorden» og «Rettleiing til søknadsskjema for Geirangerfjorden»

## 7. Tildeling av tilskot

Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsamar søknadane, fattar vedtak og føretek utbetalingar av tilskot.

For tiltak som gjeld utbetring av bygningar og andre kulturminne, skal søknaden godkjennast av Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling før det kan løyvast tilskot.

For tiltak som gjeld biologisk mangfald, skal søknaden godkjennast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal si miljøvernavdeling før det kan løyvast tilskot.

## 8. Arbeidsfrist

### 8.1. Arealtilskot og beitedyrtilskot

Arealtilskot og beitedyrtilskot blir utbetalt etter søknad kvart år. Det må sendast ny oppdatert søknad kvart år.

### 8.2 Andre kulturlandskapstiltak

For andre tiltak er fristen for gjennomføring av tiltaket 3 år frå det blir løyvd tilskot, med mindre Fylkesmannen har satt ein kortare frist ved innvilging av søknaden. Fylkesmannen kan etter søknad forlengje arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd. Arbeidsfrist blir angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

## 9. Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

### 9.1. Arealtilskot og beitedyrtilskot

Arealtilskot og beitedyrtilskot blir utbetalt etter søknad kvart år.

### 9.2 Andre kulturlandskapstiltak

For andre kulturlandskapstiltak må mottakar av tilskot må sende ei skriftleg oppmoding til Fylkesmannen for å få utbetalt tilskotet. Oppmodinga skal sendast innan fristen angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

Ved oppmodinga skal det leggjast ved:

- **Skriftleg rapport:** Rapporten skal innehalde ei beskriving av det gjennomførte tiltaket/prosjektet, og foto frå før-, under- og etter at tiltaket/prosjektet er gjennomført.
- **Sluttrekneskap:** Rekneskapa skal følgje same oppsett som søknadens kostnadsoverslag/budsjett, og vere så oversynleg som mogleg. Utlegg som ikkje kan dokumenterast med kvittering/bilag og/eller timelister kan ikkje utbetalast. Timelister for leigd arbeid skal attesterast av den/dei som har utført timane.

Fylkesmannen kan gje nærare krav om rapportering i vedtaksbrevet om tilskot.

Fylkesmannen betalar ut det løyvde tilskotet etter at tiltaket/prosjektet er dokumentert gjennomført, og etter at Fylkesmannen har godkjent sluttrapport, sluttrekneskap og sett til at vilkåra for løyvinga er oppfylt.

For tiltak som gjeld utbetring av bygningar og andre kulturminne, skal Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling godkjenne arbeidet før tilskotet utbetalast.

For tiltak som gjeld biologisk mangfald, skal Fylkesmannen si miljøvernnavdeling godkjenne arbeidet før tilskotet utbetalast.

Det kan også betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Men minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket/prosjektet er slutført.

## 10. Klage

Vedtak som er fatta av Fylkesmannen kan klagast inn til Landbruksdirektoratet etter reglane i *Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kap. VI.*

Eventuell klage stilast til Landbruksdirektoratet, men vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## 11. Opplysningsplikt og kontroll

Søkjjar av tilskot plikter å gje alle opplysningar som Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at bruken og utbetaling av tilskot er i tråd med forutsetningane. Søkjjar plikter å utlevere all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan foreta stadleg kontroll.

## 12. Omgjering og attendebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Fylkesmannen kan gjere om vedtak om løyvde tilskot, og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekket forhold som er i strid med det som er forutsett ved løyving av tilskotet.

For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter *Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

## 13. Rullering av retningslinene

Retningslinene vil bli rullert ein gong i året på bakgrunn av fullmaktsbrev frå Landbruksdirektoratet og innspel frå kommunen og grunneigarar/brukarar i området.

## 14. For meir informasjon

- Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, (FOR-2016-08-10-966), sjå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-10-966>
- Landbruksdirektoratet si side om verdsarvområda, sjå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/kulturlandskap/verdensarvomr%C3%A5dene>

## 15. Kontaktpersonar

- Ragnhild Naug Aas, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga.  
Tlf: 71 25 85 19 og e- post: [fmmrraaa@fylkesmannen.no](mailto:fmmrraaa@fylkesmannen.no)